

# Samhandel med landbruksvarer i lys av EØS

Ei gjensidig balansert utvikling?

Torbjørn Tufte

# Forord

EØS-avtala er den viktigaste handelspolitiske reguleringa mellom Noreg og Den europeiske union. Avtala trådde i kraft i 1994, og landbruket er ein av fleire politikkområde som er haldt utanfor avtala. Likevel er handelen med landbruksvarer ein del av avtaleområdet gjennom Artikkel 19 og Protokoll 3. Intensjonen i utviklingsklausulen, som artikkel 19 ofte vert omtala som, er at ytterlegare handelspolitiske liberaliseringar som vert framforhandla skal tuftast på gjensidig fordelaktig basis for både partar. Dermed er det interessant å sjå korleis handelen med landbruksvarer har utvikla seg i tida med EØS-avtala som reguleringsmekanisme.

Det er handel og landbruk som er innfallsvinkelen i rapporten. EØS-avtala nedfell prinsipp og rammevilkår for korleis samhandelen skal fremjast mellom partane. Samstundes er det også nasjonale tilhøve og reguleringar som har innverknad på landbruksvarehandelen. Difor søker denne rapporten å sjå utover EØS-avtala, når utviklinga handelen i tida med EØS-avtala skal skisserast. Rapporten søker å isolere viktige premissar som handelsregimet er underlagt, og politiske implikasjonar som er førande for utviklinga framover.

EØS-avtala er bygd på likeverdige partar, og utgangspunktet for drøftinga er dermed om det er ei gjensidig balansert utvikling som er trenden innan landbruksvarehandelen mellom Noreg og EU.

Rapporten er utarbeida av Torbjørn Tufte og inngår i rapportserien til Landbrukets Utredningskontor.

Oslo, november 2007

Hanne Eldby

---

---

# Innhold

1	INNLEIING .....	1
2	LANDBRUKET I EØS.....	3
2.1	POLITIKK OG MARKNAD .....	3
2.2	DEI FIRE FRIDOMANE DOMINANTE OVER POLITISK STYRING .....	5
3	SAMHANDELEN PÅ LANDBRUKSVARER .....	9
3.1	NETTOEKSPORTØR OG IMPORTØR.....	10
3.2	AUKANDE HANDELSUNDERSKOT UNDER EØS-AVTALA .....	11
3.3	LANDBRUKSHANDELEN I EU OG NØREG .....	11
4	PROTOKOLL 3 - MARKNADSREGULERING I PRIMÆRLEDDET, KONKURRANSE I SEKUNDÆRLEDDET .....	15
4.1	RÅK-TOLL; FRÅ MATEMATIKK TIL POLITIKK .....	16
4.2	INDUSTRIELT TILVERKA LANDBRUKSPRODUKT – EIT VEKSTSEGMENT.....	19
5	ARTIKKEL 19.....	23
5.1	PREFERANSAR GJENNOM ARTIKKEL 19 .....	24
5.2	KVANTUMSRESTRIKSJON PÅ SJOKOLADE .....	25
6	INNANLANDSK OG UTANLANDSK TILVERKING .....	27
6.1	UTANLANDSK TILVERKING I LANDBRUKET .....	27
6.2	FISKERISEKTOREN OG INDUSTRIELL TILVERKING .....	28
7	REISEGODS: GRENSEHANDELEN .....	31
7.1	OMFANG AV GRENSEHANDELEN.....	32
7.2	FORMALISERE GRENSEHANDELEN I SAMHANDELEN? .....	33
8	OPPSUMMERANDE VURDERINGAR.....	35
	VEDLEGG 1 .....	39

## LITTERATUR

---



# 1 Innleiing

Hovudmålet med EØS-avtalen er å etablere ein fellesmarknad for økonomisk aktivitet mellom avtalepartane EFTA og EU. Fellesmarknaden er basert på EUs indre marknad med dei fire fridomane, fri flyt av varer, tenester, kapital og arbeidskraft. Ved inngåinga av EØS-avtalen vart EU-reglane for den indre marknaden innarbeida i avtalen, med unntak av dei saksområda avtala ikkje var direkte gjeldande for, som landbrukspolitikk og fiskeripolitikk. For Noreg tyder det at lovgivinga for den indre marknaden i EU, vart norsk regelverk gjennom implementeringa av EØS-avtala. Rettar og plikter for fellesmarknaden er gjeldande for baa avtalepartane. Rettane og pliktene er juridisk formulert i avtala, og det er juridiske tolkingar som skal sikre at fellesmarknaden fungerer i praksis. Den juridiske organiseringa i avtalen kan delast i tre. For det første vart grunnprinsippa for den indre marknaden som ligg i EU-traktatane lagt inn i avtaleteksten. For det andre vert nye reguleringar for felte avtalen dekkjer innarbeida etter kvart. For det tredje er det etablert institusjonar for overvaking av at dei juridiske pliktene vert følgt opp av avtalepartane. I hovudsak skjer dette gjennom ESA og EFTA-domstolen for Noreg, og gjennom Kommisjonen og EF-domstolen for medlemne i Unionen.

Dette tyder at EØS-avtala har etablert Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, organisert med et juridisk fundament som er folkerettsleg bindande med det formål å nå det politiske målet om ein fellesmarknad tufta på dei fire fridomane og gjensidig marknadstilgang for avtalepartane. Artikkel 1, §1 i EØS-avtala framset målet med avtala slik:

Formålet med denne assosieringsavtalen er å fremme en vedvarende og balansert styrking av handel og økonomiske forbindelser mellom avtalepartene, med like konkurransevilkår og overholdelse av samme regler, med sikte på å opprette et ensartet Europeisk Økonomisk Samarbeidsområde

Då EØS-avtala trådde i kraft 1. januar 1994, var dette ei prinsipiell avgjersle der EFTA og EU var samde om formålet om ein felles harmonisert marknad. Etter at partane forplikta seg om at dette var det overordna målet, var tida inne for å søkje å gjennomføre dette i praksis. I dag har avtala vore i kraft i 13 år, og EØS-avtala utgjer no eit betydeleg meir omfattande regelverk enn tilfellet var i 1994. Dette kjem av at avtala er i stadig utvikling, der nye reguleringar og fortolkingar vert lagt inn fortløupande. 30 land er i dag med i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet. Tre land frå EFTA og 27 EU-land. Sveits står utanfor EØS, og har bilaterale avtaler med EU.

Nokre sektorar er ikkje innlemma og definert som ein del av EØS-avtala. Mellom anna står landbruket utanfor, men avtala har likevel konsekvensar for landbruket. For det første fordi ulike reguleringar kan slå indirekte inn på landbrukssektoren. Dette er sektoroverskridande reglar, som konkurransereglar, helse- og miljø reguleringar med meir. Desse indirekte konsekvensane og prinsippa bak EØS-avtala vil kort verte drøfta i første del av rapporten. For det andre har EØS-avtala konsekvensar for landbruket fordi handelen er ein del av

samarbeidet mellom EU og EFTA. Europaportalen presenterer denne delen på følgende måte<sup>1</sup>:

EØS-avtalen omfatter ikke norsk landbruk, fiskerier og avtaler om handel med andre land utenfor EØS. Men det er inngått avtaler om handel med landbruksprodukter og fisk, og det eksisterer et utstrakt samarbeid der det er felles interesser og syn.

Det er meir spesifikke vurderingar og analyser av dette handelssamarbeidet tilknytt landbruket som utgjer hovuddelen av rapporten. I EØS-avtala er dette handel som skal vere til gjensidig utvikling, men det er mykje som taler for at det er ein veksande asymmetri mellom Noreg og EU, når det gjeld handel med landbruksvarer, der EU har ein sterk vekst i eksporten til Noreg, medan den norske eksporten til EU er tilnærma uendra i perioden EØS-avtala har vore i kraft. Den offisielle handelen av landbruksvarer mellom Noreg og EU vert regulert gjennom Artikkel 19 i EØS-avtala, samt Protokoll 3. I avslutninga vert innlandsk og utanlandsk tilverking av landbruksprodukt, samt grensehandelen mellom Noreg og Sverige kort drøfta. Dette er ordningar og ein handel som ikkje er ein del av den offisielle samhandelen regulert av EØS-avtala. Det er likevel mykje som tilseier at desse to områda etterkvart omfattar eit volum som tilseier at det har konsekvensar for norsk landbruk i primær og sekundærleddet, og truleg også for varehandelen i Noreg.

---

<sup>1</sup> Europaportalen, er ei samling av informasjon om Noregs samarbeid med Europa presentert av norske styresmakter. Internettadresse Europaportalen er, <http://www.regjeringen.no/nb/sub/Europaportalen.html?id=279683>  
Internettadresse, sitat:  
<http://www.regjeringen.no/nb/sub/Europaportalen/EOS-og-EFTA/eos/2004/Dette-er-EOS-avtalen.html?id=409035>

## 2 Landbruket i EØS

Utforminga av EØS-avtalen speiler at målet er eit felles økonomisk samarbeidsområde som skal sikre like vilkår for borgarar og føretak innanfor EØS-området. Virkemidlet for å nå målet er juridisk. Det er gjennom felles lovgiving for å harmonisere regelverket på tvers av landegrensar den felles indre marknad er bygd. Regelverket vert stadig utvikla og utvida gjennom ny lovgiving og fortolkingar av lovverket som gir presedens. EØS-avtala vert med dette rekna som dynamisk, og ikkje statisk, som er det vanlege i internasjonale avtaler. EØS-avtalen har innverknad på ei rekkje samfunnsområde, men det er regulering av den økonomiske aktiviteten som er det sentrale i avtala. EØS-avtalen definerer kva avtalen gjeld for. Mest sentralt står dei fire ”fridomane”; fri flyt av personar, varer, tenester og kapital, med det som formål å sikre eit felles økonomisk samarbeidsområde for avtalepartane, med like konkurransevilkår og ein ikkje-diskriminerande marknad basert på harmoniserte reglar. Den vanlige tolkinga er at følgjande områder i hovudsak ikkje er definert direkte inn under virkefeltet til EØS-avtala:

- landbrukspolitikk
- fiskeripolitikk
- tollunionen
- skatte- og avgiftspolitik
- felles handelspolitikk
- felles utanriks- og tryggingpolitikk
- økonomisk og monetære union
- innanriks- og justissamarbeidet

### 2.1 Politikk og marknad

Eit sentralt moment i skjeringa landbruk og EØS-avtala, er at både EU og Noreg baserar seg på ei sterk politisk styring og regulering av landbrukspolitikken i primærleddet, men likefullt konkurranse og handel i sekundær- og tertiærleddet, som difor har sterkare innslag av deregulering. Dette er samla sett lite i samsvar med EØS-avtala som legg til grunn politisk regulering for å sikre meir marknadsstyring, der lovgivinga skal sikre dei fire fridomane. Dermed er det politiske målet om å sikre sterk regulering av primærlandbruket i Noreg og EU oppnådd ved å halde landbruket utanfor EØS-avtala, men samstundes er det lagt tilrette for konkurranse og økt handel i sekundærleddet ved at næringsmiddelindustrien og handelen med landbruksvarer kjem inn i avtala gjennom artikkel 19 og Protokoll 3 i avtala. Dermed er landbruk ein hybrid i EØS-avtala, der grensegangen om når reguleringar er gjeldande for næringa eller ikkje er flytande frå sak til sak, alt etter om det vert rekna som handel eller landbrukspolitikk. Denne statusen gjer at ulike sektoroverskridande reguleringane som vert implementert i fleire tilfeller endar opp som eit juridisk tolkingsspørsmål for kva grad dei også omhandlar landbruket.

Fleire politikkområde og sektorar er fortolka som felt utanfor EØS-avtalen, deriblant landbruk, då felta ikkje er definert eksplisitt inn som ein del av avtala. Likevel påverkar avtala desse felta. Dette er ein konsekvens av at EØS-avtala er dynamisk, men særskilt fordi avtala inneheld ei rekkje sektoroverskridande reguleringar, som konkurransereglar, harmonisering og standardiseringsformular. Avtala inneheld i tillegg intensjonserklæringar og reguleringar knytt til handelen. Handelen med basis landbruksvarer er omtala i Artikkel 19, medan industrielt tilverka landbruksvarer er regulert i Protokoll 3. Døme på horisontale og sektoroverskridande lovgiving i avtala innanfor helse- og miljøreguleringar, som har innverknad for norsk landbruk, er dei mykje debatterte direktiva om tilsetjingar i matvarer. Desse direktiva omhandlar felta matsminke, barnemat og genmodifisert mat. Særskilt skapte matsminkedirektivet, som eigentleg omhandlar tre ulike direktiv, debatt om kva som skulle vektleggast tyngst. Valet sto mellom omsynet til den generelle folkehelsa eller dei juridiske pliktene EØS-avtala påla Noreg. Til slutt vann vektlegginga av dei juridiske pliktene som ligg i avtala fram. Stortinget valte å innlemma direktiva trass i åtvaringane om moglege negative langtidsverknader for folkehelsa.

Særskilt vart moglege helseskadar påpeika kring endringane i regelverket for barnemat, då norsk ernæring av småbarn i større monn er basert på graut, enn i dei fleste EU-landa<sup>2</sup>. Dermed opna Noreg for ei meir liberal lovgiving kring tilsetjingar i matvarer gjennom søtingsstoff, fargestoff og andre tilsetjingsstoff i matvarer. Tilføring av protein, sukker og jern, samt vitamina A og D i barnemat vart òg tillete gjennom implementeringa. Slik fekk norsk næringsmiddelindustri endra rammer for eigen produksjon, og eksportørar til Noreg vart gitt tilgang til å omsetje varer som tidlegare vart rekna som ein risiko for folkehelsa.

Eit anna døme på EØS-endringar som slår inn på landbruket er ei av dei mest omfattande regeltilpassingane innan eit saksfelt, i alle fall om ein tel talet på reguleringar, nemleg veterinæravtalen som vart innlemma 1. januar 1999. I utgangspunktet var veterinæravtalen lagt i Vedlegg 1 i avtala. Over tid meinte Noreg og EU at ei løysning der deler av regelverket var ein del av EØS, medan andre deler var haldt utanfor skapte vanskar i handelen. Difor vart partane samde om å reforhandle innhaldet i Vedlegg 1 for å betre vareflyten mellom EU og Noreg. Det betydde at grensekontrollen gjensidig vart opna, gjennom at Noreg valte å innlemme EU-regelverket også på eit område som opphavleg var haldt utanfor EØS-avtala. Dette skjedde formelt ved innlemminga av "revidert Vedlegg 1", omtalt som veterinæravtalen i 1999. Dermed var Noreg forplikta til å slutte seg til deler av veterinæravtalen ved signeringa av EØS-avtalen, medan utvidinga av det veterinære virkefeltet 1999 gjennom ei utviding av EØS-avtala, var ei politisk avgjersle grunna på eit norsk initiativ. Drivkrafta for det norske

---

<sup>2</sup> Referat møte i EØS-utvalet den 22.11.1999, leia av Haakon Blankenborg med gjennomgang av direktivet for barnemat basert på rapport frå Statens Ernæringsråd (1998). "Vurdering av EU-direktivet for barnemat – ernæringsmessige konsekvenser.". Barnematdirektivet vart likevel vedteke i oktober 2002, til trass for at norske faginstansar var samla om å åtvare mot direktivet (Pressemelding, nr. 57 den 18.10.2002, frå Helse- og omsorgsdepartementet.



standpunktet i denne saka var utfordringar kring omsetjinga av fisk, som vart enklare ved å harmonisere heile regelverket.

## 2.2 Dei fire fridomane dominante over politisk styring

Den sentrale prinsipielle avgjersla for Noreg vart teken ved ratifiseringa av EØS-avtalen, då Noreg og EFTA vedtok prinsippa for fri flyt av varer, tenester, kapital og arbeidskraft slik dette er definert i rettsgrunnlaget til EU. Desse juridiske pliktene tyder at det politiske handlingsrommet til å overstyre marknaden er redusert for nasjonale politikarar. Dermed inneheld EØS-avtala ei dreining i norsk politikk. Styring av marknaden er meir retta mot marknadskreftene enn til marknadsregulering, og det juridiske rammeverket for politiske avgjersler styrer i større grad enn eit politiske rammeverk for avgjersler.

Mange tvistar innanfor EØS-avtala handlar om når dei definerte måla kring ein felles marknad og verkemidla for å oppnå dette kjem i strid med andre politiske mål. Til dømes er den norske lovreguleringa kring heimfallsrett, som sikrar at norske kraftressursar går tilbake til offentleg eigarskap vederlagsfritt etter 60 år, eit felt der Noreg meiner den nasjonale råderetten over vasskraftressursane er viktigare enn omsynet til ein ikkje-diskriminerande marknad. I slike situasjonar står jussen og politikken mot kvarandre. Slik EØS-avtala er utforma, er det jussen som har forrang, og politikken må dermed tilpassast det juridiske rammeverket, dersom ein skal overhalde avtala. Det juridiske fundamentet i EØS-avtalen, som skal sikre dei fire fridomane, er dermed ikkje i samsvar med eit politisk ynskje om innflytelse over et gitt saksområde i eit land. Områder der EØS-avtala kjem i konflikt med andre samfunnsinteresser, er ikkje noko særnorsk konfliktfelt. Dette er eit gjennomgåande tema også innan Unionen, der einskilte medlemsland er i strid med EU-organ, først og fremst EU-kommisjonen og EF-domstolen, om korleis traktatane og ulike direktiv skal tolkast og om landa er pliktige til å følge dei. Den juridiske forrang for dei fire fridommene basert på ikkje-diskriminering kjem i slike høve i konflikt med den europeiske tradisjonen om politisk styring av samfunnsutviklinga gjennom regulering frå saksfelt til saksfelt.

Dermed speiler jussen i EØS-avtala ei samfunnsutvikling der økonomien legg premissane for politikken, fordi ei politisk regulering er hindra av ei lovgiving som skal sikre dei frie marknadskreftene. Difor har politikarane valt å avskjere eiga tilgang for politisk styring over økonomien på eit vidt spekter av felt gjennom det folkerettslig bindande avtaleverket dei har tilslutta seg. Det vil då ofte virke som jussen overstyrer politikken, men det er meir korrekt å seie at det avtalepartane har definert som det viktigaste politiske målet, dei fire fridomane og ein fellesmarknad på ikkje-diskriminerande basis, styrer jussen. Slik sett er EØS-avtalen eit juridisk virkemiddel for å nå eit definert politisk mål, med den konsekvens at aktørane ofte ikkje kan blande andre samfunnsinteresser inn i økonomien, slik politikarane ofte ynskjer for å regulere eit gitt felt.

Graden av blandingsforholdet mellom statlig styring versus marknadsstyring vert illustrert i modellen under, ut frå det politiske valet Stortinget vedtok ved tiltredinga av EØS-avtalen. Ein samfunnsutvikling gjennom eit fellesmarknad basert på liberal marknadsøkonomi innanfor grensevernet med ikkje-diskriminering mellom aktørane vart nedfelt som hovudprinsipp i norsk politikk. Figuren under illustrerer korleis EØS-avtala la sterkare vekt på marknaden enn politisk styring i økonomien, enn tilfellet var før EØS-avtala tråtte i kraft.

Figur 2.1 *Utviklinga av politisk styring versus marknadsstyring i ein blandingsøkonomi*



EØS-avtala speiler desse grunnperspektiva, fordi blandinga av politikk og økonomi er sentralt i avtalen. Gjennom EØS-avtala skal juridisk harmonisering av regelverk på tvers av land og heimemarknadar, sikre grunnlaget for ein fri fellesmarknad utan diskriminering av ulike aktørar. Dette er hovudmålet med EØS og byggjer på ei politisk avgjersle tufta på eit marknadsliberalistisk perspektiv, der lovgivinga skal leggje til rette for konkurranse og dei frie marknadskreftene.

Ved ratifiseringa av EØS-avtalen vart den venstre sida av figur 2.1 meir dominerande for den norske samfunnsutviklinga og for det politiske handlingsrommet, enn tilfellet var fram til 1994. Dette skiftet i den politiske styringsmodellen kjem som nemnt av dei politiske pliktene og rettane i avtala som skal sikre eit fellesmarknad med fri flyt av varer, tenester, kapital og arbeidskraft på ikkje-diskriminerande basis. Avtala tyder at eit juridisk rammeverk som skal hindre statleg overstyring av den indre marknaden vart vedtatt. Særskilt viktige i avtala er dei juridiske reguleringane som er sektoroverskridande. Dette er til dømes felles konkurransereglar, reglar for statsstøtte, fri etableringsrett med meir der prinsippet om likebehandling mellom avtalepartane (EFTA-landa og EU-landa), føretak og borgarar. Det er også desse sektoroverskridande reguleringane som raskt kan verte gjeldande innanfor

saksspesifikke områder av norsk landbrukspolitikk, då denne indirekte kan verte ein del av EØS-avtala. Det er avgjerande å vere merksam på at slik samarbeidet mellom EFTA og EU er formalisert gjennom EØS-avtala, er det den juridiske tolkinga i domstolen som er den endelege avgjersla, sjølv om domstolen si tolking er i strid med eventuelle politiske intensjonar som ligg bak reguleringa. Difor kan ein enkelt seie at EØS-avtala er ei rettsleggjering av politikken, der jus går framfor skjønn dersom det er usemje om kva som ligg i avtala. Dette gjeld både for Noreg og medlemsstatane i EU.

**Landbruket utanfor EØS-avtala, men ein del av EØS-avtala?**

Som ein illustrasjon av korleis lovgiving vedteke av EU kan slå inn på landbruksreguleringar i Noreg gjennom EØS-avtala, er vedtekne reguleringar i EU som er til handsaming i Noreg per juni 2007, vist i vedlegg 1. Dette er antekne EØS-relevant forskrifter som høyrer inn under saksfelta det norske Landbruks- og matdepartementet handterer. Dette er den lovgivinga norske myndigheiter meiner kan vere EØS-relevante endringar innanfor landbruks- og matdepartementet. Vedlegget er berre eit bilete for å vise at sjølv om landbruket ikkje er innlemma i EØS-avtala, er landbruket likevel indirekte omfamna av avtala gjennom innføring av ulike lover og føreskrifter. Oversynet er dermed berre eit kvantitativt bilete over lovgiving som råkar innanfor landbrukspolitikken, og fortel soleis ikkje noko kvalitativt om reguleringane får konsekvensar, negative eller positive, på verken kort eller lang sikt eller kor relevante desse er.




### 3 Samhandelen på landbruksvarer

EFTA og Noreg er nære handelspartnarar med EU. Handelen er stor både vegar, og den er viktig innfor dei fleste sektorar. Både som tradisjonelle samarbeidspartnarar og som marknadsnære aktørar er denne relasjonen òg tydeleg innanfor handelen med landbruksvarer. Størsteparten av norsk eksport av landbruksvarer vert omsett i EU marknaden, og om lag 2/3 delar av norsk importverdi har opphav i EU. Dermed er EU viktigaste handelspartnaren til Noreg på landbruksvarer.

Generelt er norsk handel med landbruksvarer kjenneteikna av høg import og liten eksport. Det vil seie at norsk landbrukspolitikk først og fremst er retta mot å forsyne og sikre produksjon for heimemarknaden. I 2006 var den norske importen av landbruksvarer 3,2 millionar tonn til ein verdi av 25 milliardar kroner. Dette er ein dobling av den nominelle importverdien sidan 1995, og i kvantum er auken på om lag 50 prosent. Justert for inflasjon tilseier dette i følgje Statens landbruksforvaltning (SLF) ei auke i importverdi på 59 prosent frå 1995 til 2006. Tilsvarande var eksporten frå Noreg eit kvantum på 714 000 tonn, som utgjorde 4,1 milliardar kroner i verdi. Men medan importen har auka i heile perioden, har eksporten i realiteten stagnert, slik figuren under viser.

Figur 3.1 Verdien av eksport og import av landbruksvarer totalt og mellom Noreg og EU



Kjelde: Landbruks- og matdepartementet

EU er største handelspartnaren til Noreg på landbruksvarer både på import og eksport. I verdi utgjer landbruksvareimporten frå EU til Noreg nær 70 prosent av den samla importen dei siste åra (69 prosent i 2006). Rekna i kvantum utgjer importdelen til EU 58 prosent av samla volum i 2006. Tilsvarande utgjer norsk eksport til EU 75 prosent av den samla norske

eksportverdien, og 88 prosent i kvantum. Dei store skilnadane mellom delen verdi og kvantum utgjer, tilseier at eksporten EU har til Noreg i langt større grad er basert på varer med høgare einingsverdi, enn tilfellet er for norsk eksport til EU. Dette mønstret kan vere avgjerande for kva framtidige tingingar innanfor Artikkel 19 og Protokoll 3 vil handle om.

### 3.1 Nettoeksportør og importør

Dersom ein ser på matvarehandelen samla, både landbruksprodukt og fiskeprodukt, er biletet at mønstret for Noreg og EU er ulikt i samhandlinga. Noreg har svært offensive interesser på fisk og defensive på landbruk. EU har offensive interesser på eksport av landbruksprodukt til Noreg, og defensive på import, der EU har aktivt grensevern både på landbruk og fisk. Fiskerisektoren er ei av Noregs leiande eksportnæringar, og fiskerinæringa er nettoeksportørar i stort monn. Tilsvarande for EU, sjølv om EU har ein stor fiskerisektor, er at Unionen samla sett har ei trong på import av fisk, og då særskilt råvarer. Noreg er det største eksportørlandet av fisk til EU, og står bak 17 prosent av den samla fiskeimporten til EU. Dette tyder at 62 prosent av den samla norske fiskeeksporten vert avsett i EU-marknaden (Fiskeri- og kystdepartementet).<sup>3</sup>

The EU is increasingly dependent on imports of fish and fishery products to meet its needs. In 2005, the EU25 imported in excess of €14 billion worth of fish and fishery products with exports amounting to €2.5 billion. As a result, the EU's trade deficit in fish and fishery products continued to widen and reached a new record of €11.7 billion.<sup>4</sup>

På landbruksvarer er situasjonen tilnærma omvendt når ein ser på handelsbalansen. Noreg er ein svært stor nettoimportør, og som for EU på fisk, så har Noreg trong om import av landbruksvarer. EU er slik nettoeksportør til Noreg på landbruksvarer og nettoimportør på fiskeprodukt. Difor er det også naturleg at Noreg har ein utstrakt eksport av fisk til EU, medan landbruksvarer vert importert til Noreg frå EU.

Likevel er det grunn til å vere merksam på den betydelege verdien landbruksvareimporten til Noreg utgjer for EU. I dei siste åra er det ikkje så svært stor skilnad mellom verdien på den norske fiskeriekporten til EU og verdien Noreg importerar landbruksvarer for frå EU. Importverdien av landbruksvarer frå EU til Noreg var i overkant av 17 milliardar kroner i 2006. Verdien har auka jamt årleg frå knappe 11 milliardar i år 2000. Dermed er det tilnærma handelsbalanse mellom norsk eksport av fisk til EU, som ligg årleg på rundt 20 milliardar kroner og norsk import av landbruksvarer frå EU. Dette tyder at landbrukseksporten frå EU til den norske marknaden er av stor interesse for eksportlanda i EU. Den norske marknaden sikrar avsetjing for eit stadig aukande volum av landbruksproduksjonen og tilfører land som Danmark, Sverige og Nederland eksportinntekter årleg på mellom 2 og 3 milliardar kroner.

<sup>3</sup> 17 prosent dekning var i 2005, og 62 prosent i 2006, Europa Kommisjonen, [http://ec.europa.eu/trade/issues/sectoral/agri\\_fish/fish/tp\\_en.htm](http://ec.europa.eu/trade/issues/sectoral/agri_fish/fish/tp_en.htm) og Fiskeri- og kystdepartementet, [http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/Sjomat\\_Marked\\_og\\_handel/EUEOS---Handel-mellom-Norge-og-EU.html?id=449710](http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/Sjomat_Marked_og_handel/EUEOS---Handel-mellom-Norge-og-EU.html?id=449710)

<sup>4</sup> Europa Kommisjonen, på Internettadresse, [http://ec.europa.eu/trade/issues/sectoral/agri\\_fish/fish/index\\_en.htm](http://ec.europa.eu/trade/issues/sectoral/agri_fish/fish/index_en.htm)

Om ein tek med grensehandelen vil verdien vere langt høgare (SSB). Dermed er EU i ein situasjon der det både er avgjerande å verne heimemarknaden på globalt nivå, gjennom at EU har eit høvesvis høgt kostnadsnivå, men samstundes har EU svært offensive eksportinteresser på eit stort spekter landbruksprodukt, særskilt på ferdigprodukt. Spesielt er land som Noreg, Sveits og Japan viktige eksportmarknadar for EU, då desse landa er kjenneteikna av stor import av landbruksvarer og høg betalingsvilje i marknaden. Fordi både Sveits og Noreg er marknadsnære for EU, med eit kostnadsnivå og prisnivå innan landbrukssektoren som jamt over ligg høgare enn i EU, er desse attraktive som eksportmarknadar for EU.

## 3.2 Aukande handelsunderskot under EØS-avtala

Eit av dei tydeligaste trekka for handelen med landbruksvarer etter at EØS-avtala trådte i kraft, er at den norske importen av landbruksvarer frå EU har auka sterkt i heile perioden, medan den norske eksporten har stagnert. Dette er ein trend som samsvarar lite med målet i EØS-avtala om gjensidig fordelaktig handelsutvikling innan sektoren. Sjølvstøtt er utvidinga av EU ein forklaringsfaktor, men samstundes tyder utvidinga at EU marknaden er tilsvarande utvida for norsk eksport. Difor er ikkje dette noko god forklaring på at handelsutviklinga skal vere så skeiv som tilfellet er.

I 1995, då EØS-avtala hadde avløyst frihandelsavtala av 1973, var handelsbalansen mellom Noreg og EU ein til fire. Importen til Noreg frå EU utgjorde 8,5 milliardar, medan norsk eksport til EU var 2,1 milliardar kroner (Hansen, 2006). Det vil seie at importen frå EU var fire gonger større enn norsk eksport til EU. I 2006 var importen frå EU til Noreg auka til 17,3 milliardar, og eksporten frå Noreg til EU var no 3 milliardar. Dermed er den norske importverdien frå EU nær seks gonger større enn norsk eksportverdi til EU.

Dersom ein ser på varer som inngår i ordninga med råvarepriskompensasjon (RÅK-produkt) er utviklinga i handelsmønstret med landbruksvarer tilsvarande. RÅK er i all hovudsak industrielt tilverka produkt, og her er tendensen med auka import til Noreg frå EU, utan tilsvarande utvikling i norsk eksport til EU, endå meir framtrudande for perioden 1995-2006. I samhandelen med RÅK-varer mellom Noreg og EU har forholdstalet mellom importen og eksporten gått frå 1:3 til 1:6. Dermed har EU hatt ei svært positiv utvikling i handelen med landbruksvarer med Noreg i den tida EØS-avtala har vore i kraft, utan at ein kan sjå tilsvarande utvikling for norsk eksport av landbruksvarer til EU.

## 3.3 Landbrukshandelen i EU og Noreg

EU er ei av verdas største aktørar innan internasjonal handel med landbruksvarer, saman med USA og Brasil. Tradisjonelt har landbrukshandelen til USA vore aller størst målt i verdi, der handelsmønstret har vore kjenneteikna med både svært høg eksportverdi og importverdi. Tilsvarande handel har EU hatt, men EU har tidlegare vore nettoimportør, medan USA

tradisjonelt er nettoeksportør. Brasil skil seg frå USA og EU ved at Brasil har svært høg eksportverdi, men låg importverdi. Det store overskotet til Brasil i handelsbalansen med landbruksvarer gjer truleg Brasil til verdast største nettoeksportør.

I dei siste åra har det skjedd eit skifte i biletet av verdas største handelsaktørar med landbruksvarer. I år 2003 gjekk EU forbi USA, og har dermed innteke posisjonen som verdast største eksportør og importør av landbruksvarer dei siste åra (målt i verdi). Viktigare er det at EU i denne perioden har gått frå å vere nettoimportør til å verte nettoeksportør, som tabell 3.1 viser. Denne tabellen viser utviklinga i handelen med landbruksvarer i perioden 2000 til 2006 for EU, og tilsvarande utvikling for Noreg i dette tidsrommet<sup>5</sup>.

Tabell 3.1 *Handel med landbruksvarer for EU-25 versus Noreg i perioden 2000 – 2006 i milliardar NOK*<sup>6</sup>

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Eksport EU	436,7	439,7	474,9	563,3	579,7	595,5	679,3
Import EU	440,4	453,2	480,9	565,5	596,2	595,5	634,4
Handelsbalanse EU	- 3,7	- 13,5	- 6,0	- 2,2	- 16,5	0,1	44,9
Eksport Noreg	3,4	3,7	3,9	3,8	4,0	3,8	4,1
Import Noreg	16,6	17,4	17,8	19,5	21,3	22,5	25,1
Handelsbalanse Noreg	- 13,2	- 13,7	- 13,9	- 15,7	- 17,3	- 18,7	- 21,0

Kjelder: The Changing Face of EU Agricultural Trade, No. 02-07, juli 2007, og SSB.

EU har over tid utvikla seg til verdas stormakt når det gjeld handel med landbruksvarer. Som tabell 2.1 viser er utviklinga i handelsbalansen for perioden 2000 – 2006 svært ulik i EU og Noreg. Der det norske handelsunderskotet stadig aukar, har EU gått frå eit handelsunderskot på knapt fire milliardar kroner til eit overskot på nesten 45 milliardar. Dette tyder også at interessene for korleis ei gjensidig utvikling av handelen mellom Noreg og EU vert best ivareteke under EØS-avtala kan vere motstridande. Der Noreg opplever eit stadig aukande underskot i handelsbalansen, er EU på offensiven og får betydelege inntekter gjennom eksporten av landbruksvarer. Handelen til EU med landbruksvarer står slik sett i skarp kontrast til den norske handelssituasjonen.

Noreg er eit land som har importtrong, og har kjenneteikn som utprega nettoimportør, der importen er svært høg, medan eksporten er låg. Dette tilseier at utgangspunkta til partane for å utvikle handelen både vegar mellom EU og Noreg er svært ulik. EU som har store

<sup>5</sup> Kjelde: The Changing Face of EU Agricultural Trade; Internett, [http://ec.europa.eu/agriculture/publi/map/02\\_07.pdf](http://ec.europa.eu/agriculture/publi/map/02_07.pdf)

Det er her EU -25 som er representert, då Bulgaria og Romania enno ikkje er ein del av statistikken som EU utarbeider. Talla er korrigerert, slik at dei nye medlemslanda inngår i talmaterialet.

<sup>6</sup> Landbruksvarer føl her definisjonen gitt i Landbruksavtala til Verdas handelsorganisasjon (WTO). Definisjonen føl tolltariffens HS-system, der kapittel 1-24, unntatt fisk og fiskeprodukt, samt enkelte varer i kapittel 25 - 53 vert rekna som landbruksvarer. Tala frå EU er rekna om frå USdollar til norske kroner med ein kurs på 7,49, som er gjennomsnittskurs for 1 dollar omrekna i kroner for perioden 2000 - 2006 (Norges Banks valutakurser).



handelsstraumar både inn og ut, vil derimot sjå Noreg som ein attraktiv avsetjingskanal med høg kjøpekraft for landbruksvarer. I perioden 2000 til 2006 er Noreg den sjetteste største eksportmarknaden for EU på landbruksvarer. Berre USA, Russland, Japan, Sveits og Canada tek større del av EUs landbrukseksport enn Noreg.

Både EU og Noreg baserar seg på eit aktivt grensevern for å sikre eigen landbruksproduksjon og for å verne heimemarknaden, men der EU er klart offensive i si internasjonale eksportsatsing, er Noreg defensive på dette feltet.

I ei gjennomgang av landbruksvarehandelen til EU vert det frå EUs Directorate-General for Agriculture and Rural Development framheva at ei drivkraft i den positive utviklinga som er skissert i tabell 3.1 er den høge delen industrielt tilverka landbruksprodukt utgjerd av eksporten til EU. To tredjedelar av den totale eksportverdien for landbruksvarer er knytt til ferdigprodukt. Veksten er særskilt stor på ferdigprodukt (commodities), og EU vektlegg reformene i den felles landbrukspolitikken som ei viktig årsak for at konkurransekrafta til næringsmiddelindustrien er auka innan segmentet kvalitetsprodukt. Det vert vist til at produkta som har størst eksportsuksess er høgverdiprodukt som er lenka til EU-opphav og spesielle kjenneteikn (The Changing Face of EU Agricultural Trade). Utviklinga med stor vekst i eksporten av industrielt tilverka produkt og auka fokus på konkurransekrafta til næringsmiddelindustrien i EU, har konsekvensar for samhandelen mellom Noreg og EU regulert i EØS-avtala. Konsekvensane kjem fordi eit slikt eksportmønster set ekstra stort trykk på handelen med industrielt tilverka landbruksvarer som ligg i Protokoll 3 i EØS-avtala.




## 4 Protokoll 3 - marknadsregulering i primærleddet, konkurranse i sekundærleddet

Protokoll 3 omhandlar industrielt tilverka landbruksprodukt. Desse produkta vert i handelen mellom EU og Noreg omtalt som RÅK-varer, fordi det er bygd opp eit system med råvarepriskompensasjon. Bakgrunnen for råvarekompensasjon er å sikre råvareproduksjonen innlands i EU og Noreg, samstundes som det er mål om å få konkurranse i industrileddet.

RÅK- systemet har difor som mål å utjamne ulike råvarekostnadar mellom partane i tilverka landbruksprodukt. Ordninga søkjer dermed å verne produksjonen i primærleddet, samstundes som det vert søkt å få konkurranse i industrileddet. I Protokoll 3 er det utarbeida varelister for partane, der Tabell 1 identifiserar varer der det kan nyttast toll, prisnedskrivning og eksportsubsidiar for å utlikne forskjellen i råvarekostnadane. Dette er RÅK-varene. Tabell 2 definerar varer der handelen skal skje utan bruk av toll og subsidiar. Desse er rekna som andre Protokoll 3-varer. Det er RÅK-varene (Tabell 1) som utgjer den største verdien i samhandelen. Dømer på typiske varegrupper i Tabell 1, som inngår i RÅK-systemet, er sjokolade og sukkervarer, kaker, kjeks, pizza og brødvarer, samt ei rekkje andre tilverka næringsmiddelvarer. Andre Protokoll 3-varer (Tabell 2) er til dømes kakao, kakaosmør, kaffi, tomatpuré med meir (Hansen, 2006).

Det er årleg ein gjennomgang av Protokoll 3 mellom partane. Her vert det diskutert om det skal tilførast eventuelle tollkutt, samt eventuell tilføring av fleire varer. Nærings- og nytingsmiddelindustrien er store sektorar i både Noreg og EU. I Noreg vert den rekna som nest største industribransje, medan det er den største industrisektoren i EU (SLF, 2007).

Figur 4.1 Utviklinga i handelen med RÅK-varer mellom EU og Noreg, 1995 - 2006



Kjelde: Kjuus, J. m.fl. (2007). \* Førebels tal.

Handelen med RÅK-varer har auka sterkt i åra etter at EØS-avtala trådde i kraft. Veksten i handelen er ikkje balansert, då importen til Noreg frå EU har auka i heile perioden, medan norsk eksport har vore stabil på rundt 800 millionar kroner. I 2006 vart det importert RÅK-varer for 5,35 milliardar kroner, noko som tilsvarar ein auke på 110 prosent frå 1995. Eksporten har derimot berre auka med 3 prosent i tilsvarande periode (Kjuus, J. m.fl. (2007).

## 4.1 RÅK-toll; frå matematikk til politikk

Politikken bak etableringa av råvarekompensasjon mellom Noreg og EU er kort sagt å oppretthalde jordbruksreguleringa i primærleddet, samstundes som industrien og handelen mellom partane vert liberalisert. Dermed er bakgrunnen for RÅK-ordninga å sikre båe partar avsetjing av innlandsk produksjon av råvarer, samt å kompensere industrien for ujamn konkurransekraft på grunn av ulike råvareprisar ved konkurranse i same marknad. Med andre ord skal ikkje industrien og handelen lide i konkurransen fordi jordbruksreguleringane er intakte, og fordi partane ynskjer å sikre heimeproduksjonen av råvarer.

Den historiske bakgrunnen for å nytte råvarekompensasjon som virkemiddel, er at basisen for landbrukspolitikken både i Noreg og EU er bygd på eit aktivt grensevern og innlandsk subsidiering av primærproduksjonen, der sjølvforsyning og heimemarknaden står sentralt. Over tid har landbrukspolitikken med regulerte prisar og regulert internasjonal konkurranse ført til sterk variasjon på prisnivå frå eit tollområde til eit anna. Langt på veg føl variasjonen i prisnivå på landbruksvarer dei ulike kostnadsnivåa innanlandsk i ulike land. For mange råvarer er avstanden mellom verdsmarknadspris og prisnivået i Noreg og EU stor, samstundes som det er stor prisvariasjon også mellom Noreg og EU på mange varer. Bakgrunnen for RÅK er dermed historiske skilnadar i råvareprisane mellom partane. Difor er eit system med råvarekompensasjon etablert, der målet med avtala er å utjamne skilnadane i råvarene som innsatsfaktorar gjennom bruk av toll eller eksportstønad. Derav er målet å leggje til rette for konkurranse i foredlingsleddet mellom nærings- og nytingsmiddelindustrien i EU og Noreg, samstundes som ordninga skal sikre at partane får avsetjing på den innlandske råvareproduksjonen. Dersom det ikkje vert nytta innlandsk produserte varer, fell også RÅK-tollen vekk.


Utviklinga i samhandelen mellom Noreg og EU etter opprettinga av RÅK-systemet har ein nokså einssidig trend der Noreg stadig importerar meir RÅK-varer, medan den norske eksporten står omtrent på same nivå som i 1995. Kjuus, m.fl (2007) viser til at medan importen av RÅK-varer frå EU i 1995 var tre gonger høgre enn den norske eksporten, var den i 2006 seks gonger høgre. Det vil seie at næringsmiddelindustrien til EU har auka eksporten av RÅK-varer med 116 prosent i tidsperioden. Tilsvarande for norsk næringsmiddelindustri er berre 3 prosent.

Utgangspunktet for bruken av råvarekompensasjon er å utlikne den faktiske prisskilnaden på innlandsk råvarepris som inngår i industrielt tilverka produkt for høvesvis EU og Noreg med referanse til verdsmarknadsprisane. Prisutjamninga kan utliknast ved hjelp av tollreduksjon, eksportstønad eller prisnedskrivning. Dette systemet tilseier at stønaden vil vere variabel over tid ut frå variasjonane i dei innlandske prisane og ut frå utviklinga i verdsmarknadsprisane. RÅK-systemet er med andre ord ein matematisk modell som justerer prisen på innsatsfaktorane i dei tilverka landbruksvarene mellom Noreg og EU gjennom å utlikne råvarekostnadane.

Med WTO-avtala i 1994 vart derimot den laupande justeringa utfordra, fordi implementeringa av Landbruksavtala i WTO avskaffa partane sin tilgang til å nytte variable importavgifter. Difor vart no prisnivået i 1994 innført som referanseår for å berekne prisskilnadane mellom Noreg og EU. Når det samstundes vart innført tak på eksportstøtte og prisnedskrivning, tyder det i realiteten at norsk RÅK-industri er i ein skvis, fordi EU generelt har hatt fallande råvareprisar i forhold til referanseåret 1994, medan det i Noreg har vore stabile og tildels stigande råvareprisar.

Det som i utgangspunktet var eit svært fleksibelt system for prisutjamning mellom EU og Noreg, har utvikla seg til eit langt meir statisk system. Opphevinga av den variable avgiftsbruken som tidlegare låg til grunn, førte til ein endra situasjon der det no er eit forhandlingsspørsmål å fastsetje tollsatsane ut frå ein historisk prisskilnad frå 1994. Dermed påverkar den innlandske prisutviklinga etter 1994 konkurransekrafta mellom partane, fordi tollvernet for RÅK-varene er berekna ut frå prisane i eit gitt referanseår. Fallande råvareprisar hjå ein av partane gir dermed betre tollpreferanse enn det som er intensjonen. Når WTO-avtala i tillegg set avgrensingar på tilførselen av eksportstønad og prisnedskrivning, får norsk RÅK-industri svekkja konkuranskraft i forhold til RÅK-industrien i EU. Innføringa av referanseår og historisk prisskilnad tyder dermed på at det som i utgangspunktet var ein matematisk modell med laupande justering i forhold til prisutvikling har fått eit politisk innslag ved at ein forhandlar fram tollreduksjonar på varene. Gjennom dette kan forhandlingane om tollfastsetjinga overstyre den matematiske modellen, som skulle sikre lik kostnad på innsatsvarene i det industrielt tilverka produktet. Utviklinga for konkurransekrafta over tid vert illustrert i figur 4.2 under.

Figur 4.2 Utviklinga for råvarekompensasjonen og konkurransekraft mellom EU og Noreg sidan 1994 og mot framtidige Protokoll 3 tingingar.



K.N. Hansen & T. Tufte (2007)

Som ein ser av figur 4.2 har nærings- og nytingsmiddelindustrien i EU etterkvart fått ein overkompensasjon fordi dei har fallande råvareprisar i forhold til referanseprisen i 1994. Dette tyder i realiteten at EU har eit indirekte industrivern i konkurranse med norsk næringsmiddelindustri. Dermed har ein svekka konkurranseemna til norsk industri. Dersom ein i tillegg legg til grunn framtidige forhandlingar med tilnærma lik prisutvikling vil dette ytterlegare forsterkast, dersom det vert innført gjensidige tollkutt. Då vil EU kutte i overkompensasjonen og Noreg vil få underkompensasjon, som igjen tyder ytterlegare svekka konkurranseemne for norsk næringsmiddelindustri, både på heimemarknaden og på eksportmarknaden.

Til dømes har EU hatt ein fallande sukkerpris utan at dette speglast i tilsvarende reduksjonar i RÅK-tollen for norske eksportørar inn i EU på varer med innhald av sukker. Likevel er det ein situasjon der det oppstår underkompensasjon, slik som det er vist i figur 4.2, som er den største trusselen, for då kan norsk nærings- og nytingsmiddelindustri oppleve å ha dårlegare konkurransevilkår i eigen heimemarknad, enn tilfellet er for nærings- og nytingsmiddelindustrien som er heimehøyrande innanfor EU, og som eksporterar til Noreg.


## 4.2 Industrielt tilverka landbruksprodukt – eit vekstsegment

Det er utviklinga innan eksportsegmentet tilverka landbruksprodukt som har gitt EU ein svært sterk auke i eksportverdien dei seinare åra. Dei ulike reformene innanfor Den felles landbrukspolitikken (CAP) i EU har jamt over gitt fallande råvareprisar i heile perioden EØS-avtala har vore i kraft. I tillegg har det vore eit auka fokus innan CAP på meirverdiprodukt og ferdigprodukt framfor bulkproduksjon på råvarer (commodities) og halvfabrikatvarer (intermediate products). Denne utviklinga må òg sjåast i lys av landbruksavtala i WTO, som avgrensar mogleghetene til å dumpe overskotsproduksjon på verdsmarknaden.

Ferdigprodukt, utgjer 2/3 av eksportverdien til EU. Delen ferdigprodukt utgjer på importverdien er tydeleg mindre med 55 prosent av importverdien. EU har over tid utvikla eit handelsmønster på landbruksvarer, der ferdigprodukt vert stadig viktigare. Desse utgjer ein sterkt aukande verdi, medan råvarer som oljefrø og korn, samt halvfabrikatvarer som kveitemjøl vert mindre viktig. Eksporten av ferdigprodukt frå EU i perioden 2003-05 tilsvara ein marknadssdel på 24,2 prosent for EU på verdsmarknaden.

Dersom ein samanliknar strukturen for varesamansetjinga for import og eksport mellom verdast største handelsaktørar med landbruksvarer, EU, USA og Brasil, er det tydelege skilnadar. Særskilt ser ein av figur 4.3 at EU har langt større del eksport av ferdigprodukt enn USA, og tilsvarende langt lågare import av ferdigprodukt. Strukturen på fordelinga av produkt ut frå tilvergingsgrad er presentert i figur 4.3.

Figur 4.3 Komparasjon av strukturen i landbrukshandelen til EU, USA og Brasil



Kjelde: The Changing Face of EU Agricultural Trade

Utviklinga i handelsmønstret til EU etter at EØS-avtala vart ratifisert, der EU har endra status frå nettoimportør til nettoeksportør, samt den sterke posisjonen EU har opparbeida seg på eksport av ferdigprodukt, tyder at EU står i ein anna posisjon i dag enn tilfellet var i 1994. Samstundes er det for Noreg ei tydeleg utvikling i denne perioden, som er kjenneteikna med svært sterk vekst i importverdien og stagnasjon i eksporten. Dermed er det grunn til å hevde at det er ein klart aukande asymmetri mellom partane i handelen med landbruksvarer, i perioden EØS-avtala har fungert.

Legg ein til grunn at utviklinga held fram, er det mykje som tilseier at EU vil søkje å utnytte og vidareutvikle tilgangen inn på den norske marknaden ytterlegare, samt vere svært offensive i internasjonale tingingar generelt om marknadstilgang for ferdigprodukt. Dette talar også posisjonar EU har inntekke i WTO når det gjeld TRIPs-avtala og geografiske indikatorar på matvarer for. Utviklinga der ferdigprodukt vert stadig viktigare for eksportverdien til EU underbyggjer òg eit auka fokus frå EU på marknadstilgang for industrielt tilverka landbruksvare. Som tidlegare vist er norsk import frå EU, basert på høg importverdi, 69 prosent av samla norsk importverdi, for eit høvesvis mindre kvantum 58 prosent av samla importkvantum. Noko som tilseier at eksporten til EU i stort monn er basert på varer med forholdsvis høg einingsverdi i forhold til vekt.

Den norske marknaden er eit sentralt eksportmarknad for EU, ikkje minst fordi kjøpekrafta i Noreg er svært høg. Utviklinga, der det er tydeleg at EU har auka konkurransekrafta på ferdigprodukt på verdmarknaden, vil truleg også komme til syne i sterkare grad i den norske marknaden, og særskilt i kommande tingingar om reguleringa av handelen med industrielt tilverka landbruksprodukt under Protokoll 3 i EØS-avtala. Dermed har utfallet av framtidige Protokoll 3-tingingar særst stor innverknad på norsk landbrukssektor sin marknadssituasjon og konkurransekraft, både på heimemarknaden og for eksport til EU. I denne konkurransesituasjon er det avgjerande at norsk nærings- og nytingsmiddelindustri har like vilkår i marknaden som konkurrentane, jamfør RÅK-problematikken i førre delkapitel, der overkompensasjon til industrien i EU, og underkompensasjon i norsk industri er resultatet ved gjensidige tollkutt. SLF skildrar konkurransen på RÅK-varer slik:

Handelen med bearbeidede landbruksvarer (råk-varer) er regulert i protokoll 3 til EØS-avtalen. Tollsatsene for import fra EU innenfor denne avtalen er vesentlig lavere enn det som er bundet i WTO, noe som innebærer at bearbeidede landbruksvarer utsettes for internasjonal konkurranse i mye større grad enn basis landbruksvarer.

Det vil seie at det frå norsk side vil vere avgjerande at norsk nærings- og nytingsmiddelindustri ikkje vert underkompenserte på heimemarknaden, og tilsvarande at det ikkje vert tilgang for ei fortsetjing av overkompensasjonen deler av EUs nærings- og nytingsmiddelindustri har i dag. Dermed er den kritiske faktoren tydleg. Det er at ein frå norsk side må sikre seg om at baa partar legg til grunn at det skal vere 100 prosent råvarepriskompensasjon, og at eventuell under- og overkompensasjon må hindras. Dette er ei føresetnad dersom konkurransen i industriledet skal vere reell.



Varesegmentet øl, vin og brennevin er eit døme der eksporten til EU ut i verdsmarknaden veks kraftig. Veksten er både i verdi og volum. Ei offensiv satsing på dette varesegmentet frå EU kan gi auka press i framtidige Protokoll 3-tingingar. Til dømes er likør eit produkt i Protokoll 3. Likør med meir enn 5 % sukker er inne som ein del av RÅK-ordninga i (tabell 1), der EU har råvarepriskompensasjon. Dette fordi EU har høgre sukkerpris enn Noreg, og difor skal ha kompensasjon for å konkurrere på like vilkår med tilsvarande norskprodusert Likør i den norske marknaden. Tilsvarande er likør med mindre enn 5 % sukkerinnhald (tabell 2) vare i Protokoll 3, der det ikkje vert gitt kompensasjon, fordi det er så lågt sukkerinnhald, at det ikkje vert rekna som avgjerande for prisen. I dette dømet er det då avgjerande at det ikkje vert gitt overkompensasjon til likørprodusentar i EU, då det i realiteten gir eit konkurranseframtrinn til desse framfor norske produsentar. Intensjonen i EØS-avtala og med Protokoll 3 er å sikre ei balansert utvikling i handelen mellom partane, ved å sikre industrien i Noreg og EU tilnærma like vilkår, slik at det er konkurranse i industriledet, men ikkje i primærledet. Difor må framtidige Protokoll 3-tingingar legge til grunn at det er like vilkår for bae partar som skal sikrast. Nettopp for å sikre like vilkår er det tilgang til å drive prisutjamning på innsatsfaktorane, fordi råvareprisane er ulike. Det er denne intensjonen som må på dagsorden i tingingane, for å hindre at asymmetrien mellom partane tiltar ytterlegare.



## 5 Artikkel 19

Landbruket er ikkje definert inn som ein del av EØS-avtala. Difor er det heller ikkje noko fri flyt av landbruksvarer mellom Noreg og EU, med unntak av dei varene som vert regulert og definert som Protokoll 3-varer. Det er likevel lagt inn intensjonar kring handelen med landbruksvarer i artikkel 19 i EØS-avtala. Gjennom artikkel 19 er handelen med eit breitt utval av landbruksvarer regulert av EØS-avtala, fordi partane har innført handelsreguleringar som reduserte tollsatsar eller kvotar. Innanfor det økonomiske samarbeidsområdet handhevar både partar (EFTA og EU) eit aktivt grensevern mot kvarandre på landbruksvarer. Sjølv om dette er utgangspunktet har partane etablert bilaterale avtaler mellom det enkelte EFTA-land, deriblant Noreg, og EU for å søke å gradvis liberalisere handelen med såkalla basisvarer som til dømes mjølk, kjøt, grønsaker. Det er denne samhandelen som vert regulert i artikkel 19 i EØS-avtala, som lyder slik:

### Artikkel 19

1. Avtalepartene skal undersøke de vanskeligheter som måtte oppstå i handelen med landbruksvarer, og skal bestrebe seg på å finne egnede løsninger.
2. Avtalepartene skal fortsette sine bestrebelser med sikte på en gradvis liberalisering av handelen med landbruksvarer.
3. For dette formål vil avtalepartene innen utgangen av 1993 og senere med to års mellomrom gjennomgå vilkårene for handelen med landbruksvarer.
4. I lys av resultatene av gjennomgåelsene, innenfor rammen av dens enkeltes landbrukspolitik og under hensyntagen til resultatene av Uruguay-runden vil avtalepartene innenfor rammen av denne avtale avgjøre videre reduksjoner av enhver form for handelshindringer innen landbrukssektoren, på preferansebasis, bilateral eller multilateral basis og på gjensidig fordelaktig basis, herunder handelshindringer som følger av statlige handelsmonopoler i landbrukssektoren.

Artikkel 19 legg opp til at partane skal søkje å liberalisere og lette handelen på landbruksvarer. Anna kvart år skal samhandelen av basisvarer gjennomgåast mellom partane. Av denne grunn går artikkelen under nemninga utviklingsklausulen. Ut frå gjennomgangen av handelen som partane gjer skal ytterlegare liberalisering og utvikling av samhandelen med landbruksvarer skje på gjensidig fordelaktig basis. Det er dermed i avtaleteksten tatt høgde for at eventuell liberalisering skal vere eit gode for både partar, og dermed er ikkje intensjonen at Artikkel 19 skal fungere som ei brekkstang for at ein av partane skal få auka marknadstilgang utan at dette er i tråd med kva som tener den andre parten. Det er dermed ikkje gitt at det skal gjennomførast ytterlegare liberalisering mellom partane, dersom dette ikkje er eit gode for både partar. Det er grunn til å spørje kor tungt intensjonen med ”gjensidig fordelaktig basis” er vektlagt i forhandlingane mellom Noreg og EU innanfor artikkel 19 dersom ein legg utviklinga i handelsstraumane mellom partane til grunn.

## 5.1 Preferansar gjennom Artikkel 19

Artikkel 19 legg til rette for sterke tollpreferansar i form av tollreduksjonar eller tollfritak på utvalde jordbruksvarer. Desse preferansane som EU får er langt betre enn den ordinære tollen Noreg har tilgang til å bruke gjennom tollsatsane som er notifisert i WTO. Tollpreferansane vert gitt i form av kvoter på ulike jordbruksvarer. I tillegg til kvotane som er regulert av artikkel 19, har Noreg og EU oppretta ei eiga "Osteavtale" med gjensidig tollfri kvote på 4000 tonn (4500 tonn frå januar 2007). Gjennom artikkel 19 vert det i tillegg gitt einsidige tollpreferansar frå Noreg til EU. EU har ikkje gitt Noreg einsidige tollpreferansar . Dette kjem av at Noreg måtte gi ei rekkje tollkonsesjonar til EU for å få slutført EØS-avtala. Dette var tollpreferansar som skulle støtte det sørlege landbruket i EU. Kvotane har som hovudregel fritak for toll, men er då ei kvantumsavgrensing enten på volum eller i verdi. Dei einsidige tollpreferansane Noreg har gitt EU er nedskrivning av tollsatsen utan kvantumsrestriksjonar. Noreg sine kvotar på eksport til EU er vist i tabell 5.1.

Tabell 5.1 Kvoter til EU og utnytting av kvotane ved eksport i 2005

Produkt	Eksportperiode	Kvotestørrelse i tonn 2005	Eksport i tonn 2005	Utnyttelse 2005
Ost	2005	4000	3755*	94%*
Blomkål	1.8.-31.10	2000	0	0 %
Brokkoli	1.7.-31.10	1000	0	0 %
Kinakål	1.7.04-28.2.05	3000	105	3 %
Kinakål	1.7.05-28.2.06	3000	156	5 %
Kirsbær	16.7.-30.8	900	92	10 %
Plomme	1.9-15.10	600	0	0 %
Jordbær	9.6.-31.7	900	0	0 %
Jordbær	1.8-15.9	900	0	0 %
Hodesalat	2005	300	0	0 %
Annen salat	2005	300	25	8 %
Flerårige planter	2005	544 848	70 512	13 %
Avleggere og ungplanter	2005	136 212	3 335	2 %
Kjøtt av sau eller geit	2005	300	272	91 %
Saltet eller tørket kjøtt	2005	200	17	8 %
Pølser og lignende	2005	300	66	22 %
Sjokolade	2005	5500	1972	36 %
Margarin	2005	2470	426	17 %
Teknisk sprit (ikke denatureert)	2005	164000	106546	65 %
Teknisk sprit (denatureert)	2005	14340	3810	27 %
Røyketobakk	2005	370	38	10 %

\* Tallene er beregnet, basert på rapportering fra eksportører og er ikke endelig bekreftet.

Kilde: Landbruks- og matdepartementet (2007).

”Ost” og ”salta eller tørka kjøtt” er gjensidige kvotar i den tydnad at det er vare for vare. Ei utfordring i handelsstraumane av varer regulert av kvotar er utnyttinga av preferansen. Norske eksportørar har langt lågare utnytting av kvotene Noreg har til EU enn EU har på sine kvoter til Noreg. EU fyller opp 72 prosent på sine bilaterale kvotar inn til Noreg, medan den samla norske kvoteutnyttinga inn til EU er på berre 21 prosent (LMD). Dermed ligg det ein stor ubalanse i kva grad partane greier å dra nytte av kvotane som inngangsport i marknaden.

## 5.2 Kvantumsrestriksjon på sjokolade

Av kvotane Noreg har for eksport til EU under Artikkel 19, er det spesifisert ein kvote på 5500 tonn sjokolade. Det at sjokolade her inngår som ein del av reguleringane kring ”basisvarer” er i seg sjølv spesielt, då sjokolade er eit typisk døme på eit industrielt tilverka landbruksprodukt, som regel i form av eit ferdigprodukt. Særskilt er det viktig å vere merksam at sjokolade er rekna som eit av landbruksprodukt handsama under det frie varebyttet også innanfor EØS-avtala. Sjokolade er per definisjon ein del av det frie varebyttet i EØS-avtala regulert gjennom Artikkel 8 i avtala og vidare er sjokolade spesifisert som RÅK-vare gjennom Protokoll 3 (tabell 1). Dermed er det ei vare det er tilgang til å nytte råvarepriskompensasjon på. Difor nyttar EU her toll for å utlikne den høgare prisen industrien

i EU har på sukker, og tilsvarende nytte prisnedskrivning ved eksport til Noreg. Utover dette skal det ikkje leggast til ytterlegare restriksjonar for varebyttet. Likevel som tabell 5.1 viser har EU innført kvote på 5500 tonn på sjokolade frå Noreg. Dermed er det innført ei kvantumsrestriksjon i det frie varebyttet når det gjeld sjokolade. Dette er tilfellet til trass for at det i Artikkel 11 i EØS-avtala heiter om varer som er handsama under det frie varebyttet:

Kvantitative importrestriksjoner og alle tiltak med tilsvarende virkninger skal være forbudt mellom avtalepartene. (EØS-avtala, Artikkel 11).

Difor er det grunnlag for å slutte at kvantumsrestriksjonen som er innført på norsk eksport av sjokolade til EU er i strid med intensjonen i EØS-avtala.

## 6 Innanlandsk og utanlandsk tilverking

Innanlandsk og utanlandsk tilverking av landbruksprodukt handlar om at råvarene er frå eit anna land enn der vidareforedlinga skjer. Innanlandsk tilverking skjer gjennom at råvarer som inngår i produkt vert importert frå utlandet for å tilverkast i Noreg, for så å eksporterast ut etter at råvarene er tilverka til ferdigprodukt. Næringsmiddelindustrien får i slike tilfeller tollfri import av råvarene, ettersom ferdigvara skal omsetjast i ein utanlandsk marknad. For å få tollfri import av råvarer som inngår i ferdigproduktet er det eit vilkår at produktet vert eksportert. Dette er ordninga med innlandsk tilverking.

Utanlandsk tilverking er motsatt. Her vert norske råvarer eksportert til eit anna land for industriell tilverking, for så å verte importert med tollnedskrivning som ferdigvare. Dermed kan ein nytte til dømes billigare arbeidskraft, eller leige produksjonskapasitet der det er ledig. Det er spesielt innanfor tilverking av kjøtprodukt utanlandsk tilverking har fått eit betydeleg volum. SLF (2007) reknar at i 2006 vart om lag 2500 tonn kjøt, som tilsvarar rundt 1 prosent av norsk kjøtproduksjon, importert under ordninga utanlandsk tilverking. Andre vareslag der ordninga med utanlandsk tilverking er nytta i eit visst omfang er osteproduksjon, grønsaker, sjokolade og sukkervarer. I tillegg har det vore utbreidd bruk av slik tilverking for raffinering av soyaolje.<sup>7</sup>

### 6.1 Utanlandsk tilverking i landbruket

Det har ikkje vore praktisert noko mengdeavgrensing av omfanget av utanlandsk tilverking. Denne varestraumen mellom Noreg og EU er ein handelskanal som er etablert på sida av EØS-avtala. Og som vist er omfanget no rundt 2500 tonn kjøt som vert tilverka i EU og reinført til Noreg. Dersom ein ser dette i forhold til eksportkvoten norsk industri har på pølser til EU som er på 300 tonn, er det klart at eit slikt volum frå industrien i EU har eit omfang som bør vektleggast. Det aukande bruken av framgangsmåten, der omfanget av utanlandsk tilverking auka vart etterkvart rekna som ei stor utfordring for industriarbeidsplassane i Noreg.

Det vart difor innført ny forskrift om utanlandsk tilverking frå og med 1. juli 2007. Landbruks- og matdepartementet argumenterte for at ein på den eine sida ynskja å behalde fleksibiliteten som tilgangen til utanlandsk tilverking gav næringsmiddelindustrien som nytta dette som eit verkemiddel i produksjonen, medan ein på den andre sida rekna eit for stort omfang av bruken av utanlandsk tilverking som ein trussel mot norske arbeidsplassar. Det vart difor utforma ei føreskrift som baserte seg på kvotar på volumet som kan innførast etter utanlandsk tilverking på kjøtvarer og meieriprodukt. For RÅK-varer og andre vareslag enn desse to, vart det gamle regelverket vidareført, som tyder at det her ikkje er lagt inn

---

<sup>7</sup> Det er ei føresetnad for slik flyt av varer gjennom tilverkingsprosessen at det er etablert tollprosedyrer hjå kvar av partane, slik at varene kan innførast og utførast innanfor eit definert regelverk.

mengdeavgrensing. Med overskrifta ”Kvoter skal regulere utenlands bearbeiding” grunn gav landbruks- og matminister Terje Riis-Johansen innføringa av den nye forskrifta slik:

Det nye regelverket er viktig for å bevare arbeidsplassene i kjøtt- og meierisektoren som er bærebjelker i næringsmiddelindustrien. Samtidig vil de fastsatte kvotene også gi denne industrien mulighet for utenlands bearbeiding som et fornuftig supplement til egen virksomhet (Pressemelding LMD, publisert 01.06.2007 Nr.: 3)

I den nye ordninga for utanlandsk tilverking vart kvoteperioden sett til tre år. Landbruks- og matdepartementet opplyser at dei årlege kvotane for kjøtt, kjøttvarer og meierivarer er sette tre gonger høgare enn det volumet som vart innført under utanlandsk tilverking i 2006. Slik sett kan ordninga sjåast som eit kompromiss. Aktørar som er motstandarar av ordninga har fått ei viss regulering og inntil vidare eit tak på omfanget av utanlandsk tilverking gjennom kvotar. Samstundes har aktørar som ikkje ynskja reguleringar, fått tilgang til å auke bruken av utanlandsk tilverking i større grad enn dei har gjort fram til føreskrifta vart innført. Ordninga med utanlandsk tilverking basert på kvotar for tilverking av kjøtprodukt og meieriverksemd er dermed basert på ei regulering av det maksimale omfanget styresmaktene ser som akseptabelt, samstundes som reguleringa per i dag ikkje avgrensar omfanget av bruken, men derimot regulerar den framtidige tilgangen til å nytte utanlandsk tilverking med ei klar volumgrense.

## 6.2 Fiskerisektoren og industriell tilverking

Innføringa av eit rammeverk for utanlandsk tilverking av landbruksprodukt er basert på eit ynskje om å gi den nasjonale industrien rammevilkår som gjer at det er tilrettelagt for produksjon nasjonalt. Med andre ord kan ein sjå det som eit verkemiddel for å avgrense utflagging av industriproduksjon til lågkostland.

Når det gjeld handel med fiskeriprodukt er posisjonane til Noreg og EU nær motsatt av kva dei er for landbruk. Her er Noreg ein svært stor nettoeksportør medan EU som tidlegare vist, er nettoimportør.

Norsk fiskerisektor er likevel på defensiven for industrielt tilverka fiskeriprodukt, og eksporten av fiskeprodukt frå EU til Noreg er tydeleg veksande.<sup>8</sup> Konsekvensar for handelsmønster og utflagging av industri som kan oppstå ut frå rammevilkår som vert lagt gjennom handelspreferansar og industripreferansar, kan difor illustrerast med norsk fiskeripolitikk og fiskerinæringa si posisjon innanfor EØS. Norske styresmakter og norsk fiskerisektor har valt å gjennomgåande binde tollsatsane på fisk og fiskeriprodukt i kapittel 3 og 16 i Tolltariffen til null. Det vil seie at produkt innanfor desse varelinjene er gitt fri marknadstilgang inn til Noreg, og Noreg har plikta seg til å ikkje skrive opp tollsatsen dersom

---

<sup>8</sup> Fiskeriforskning opplyser at sidan år 2000, har nær 4000 arbeidsplassar forsvunne frå norsk fiskeindustri, sjå til dømes Nationen 14/9-2007, eller <http://www.fiskeriforskning.no/>. For utviklinga med handelen til EU, sjå til dømes Europa Kommissjonen på Internettadresse, [http://trade.ec.europa.eu/doclib/docs/2006/may/tradoc\\_120351.pdf](http://trade.ec.europa.eu/doclib/docs/2006/may/tradoc_120351.pdf)



det oppstår marknadsforstyrningar som tilsa at dette er naudsynt.<sup>9</sup> Dette er dermed ei einseitig innrømming, utan at norsk fiskeriverksemd har fått noko tilsvarende marknadstilgang i sine eksportmarknadar. EU som er det største eksportmarknaden til norsk fiskerisektor handhevar på si side eit aktivt grensevern. EU handhevar toll både på fiskeriråvarer og industrielt tilverka fiskeriprodukt innanfor HS klassifiseringa på kapitel 03, og 16<sup>10</sup>. Dermed har norsk fiskeripolitikk og fiskerinæring stilt seg på sidelinja når det gjeld tingingar med EU om betra marknadstilgang på fisk, då norsk fiskerinæring ikkje har noko meir å tilby EU. Ikkje kan EU få betre marknadstilgang enn fri, og ikkje kan ein gi preferansar til EU framfor andre då alle har fått fri marknadstilgang.

Eit resultatet som denne posisjonen byggjer opp til innanfor EØS-området er at norsk og internasjonal næringsmiddelindustrien vel å tilverka fiskeriprodukt basert på norske råvarer innanfor grensevernet til EU, til dømes i Sverige. Dette skjer truleg som eit indirekte resultat av at Noreg har bunde seg til nulltoll på tilverka fiskeriprodukt på einseitig basis. Tilsvarende situasjon er at EU handhevar eit aktivt grensevern for tollunionen på desse produkta, og industrien er difor verna. Dermed er det mest rasjonelle for føretaka som tilverkar fiskeprodukt å etablerer seg innanfor tollunionen. Gjennom å vere etablert innanfor grensevernet til EU oppnår føretaka både fri omsetjing innanfor EU, så vell som fri marknadstilgang til Noreg, gjennom eksport.

Ubalansen vert forsterka av at fiskeråvarer ofte har låg toll eller nulltoll inn i EU medan tollene eskalerar på fleire tilverka fiskeriprodukt. Det er dermed ikkje like attraktivt for næringsmiddelindustrien å tilverka fiskeriprodukt i Noreg, då dette berre tyder at dei får toll inn til EU medan dei heller ikkje oppnår noko preferanse på den norske heimemarknaden.

I tillegg til utflagging eller farane for avvikling av norsk fisketilverking, er ein anna ringverknad av denne situasjonen at sektoren i stor grad har pasifisert egne forhandlingskort innanfor sektoren i tingingar om marknadstilgang til EU. Som vist har ikkje sektoren noko meir å tilby internasjonalt for å gi andre betre marknadstilgangen inn til Noreg. Norske myndigheiter og fiskerisektoren har med andre ord spelt seg sjakk matt i tingingar om marknadstilgang for både fiskeråvarer og tilverka fiskeriprodukt inn til EU, og for den del innanfor WTO-forhandlingane der Noreg heller ikkje kan tilby kutt i eigen toll i motyting for å få betre internasjonal marknadstilgang på sin eksport.

---

<sup>9</sup> Noreg har bunde tollsatsen. Dette gjer at ein ikkje kan regulere den. Noreg kunne praktisert fri marknadstilgang i tydnad - null toll, utan at den vart bunde til null. Då kunne tollsatsen brukast dersom til dømes oppdrettslaks frå Chile eller Skottland vart omsatt i slikt omfang på den norske heimemarknaden at det oppstod så stor marknadsforstyrring at norsk oppdrettsnæring eller fiskeriforedling vart tvungne ut av heimemarknaden.

<sup>10</sup> Toll er ein av mange faktorar som verkar inn på handelen. Difor er hovudpoenget her at norsk fiskerisektor har teke ein posisjon internasjonalt, der sektoren på einseitig basis har valt å avskaffe moglegheitene til å nytte egne grensevern som forhandlingskort, og gjennom det redusert handlingsrommet. Dette vil gjelde både i forhandlingar med EU og innanfor WTO eller andre bilaterale forhandlingar. For å sjå tollsatsane på eksport frå

Det er vanskeleg å sjå den nasjonale interessa som ligg bak strategien aktørane innanfor norsk fiskerisektor har valt for å sikre ulike interesser i internasjonale forhandlingar og handel. I realiteten har strategien forsterka føringa til sektoren som ein utprega råvareeksportør, då norsk fiskerinæring har blottlagt heimemarknaden i eit internasjonalt handelssystem der konkurrentane i utstrakt grad handhevar grensevern, uavhengig om dei har offensive eller defensive interesser som importør/eksportør. Om ein trekkjer ein parallell til ei av verdas største landbrukseksportørar, Brasil, er biletet eit heilt anna. Her vert det praktisert eit grensevern på landbruksvarer som i snitt ligg på 30 prosent. Tilsvarende for EU er 10 prosent (Hansen, 2007)<sup>11</sup>.

Fiskerisektoren si brakklegging av grensevernet som forhandlingskort innanfor EØS og bilaterale tingingar med EU kan vere årsaka at fiskerisektoren ynskjer å bruke norsk grensevern på landbruksvarer som brekkstang for tollreduksjonar på fisk inn i EU, fordi EU har defensive interesser på fiskeråvarer i forhold til handel med Noreg, men offensive på landbruksvarer og tilverka fiskeriprodukt. Dermed er situasjonen at EU og norsk og utanlandsk næringsmiddelindustri ynskjer tilgang på norske fiskeriråvarer, for å tilverke desse innanfor EUs grensevern, for så å eksportere produkta tollfritt til Noreg, samt at dei vert ein del av den frie vareflyten innanfor EU.

---

Noreg til EU kan ein nytte tolltariffen til det svenske tollverket på Internettadresse:

<http://taric.tullverket.se/taric/bin/tagNrDetaljerFrame.cgi>

<sup>11</sup> På Internettadresse: <http://www.landbruk.no/index.cfm?obj=document&act=displayDoc&doc=815>

## 7 Reisegods: Grensehandelen

Personleg innførsel av varer som reisegods er forhold som ligg utanfor EØS, og høyrer inn under det norske tollområdet. Forskriftene for reisegods er reguleringar som Noreg avgjer på ein-sidig basis. Innførsel av varer som skjer toll- og avgiftsfritt som reisegods er uregistrert i tydnad at det er ingen regulær tollhandsaming og desse varene inngår såleis ikkje i offisielle handelsstatistikkar. Eit utslag av tilgangen til å innføre reisegods er den etterkvart omfattande grensehandelen mellom Noreg og Sverige. Grensehandelen er diskutert flittig i media og kommentert av mellom anna Lars Sponheim i 2002, som uttalte at det er "harry" å handle mat i Sverige. Ein politisk motsats til Sponheim er Byrådsleiar i Oslo, Erling Lae:

Du blir ofte møtt med at folk sier - det er jo sånn "harry-turer" [om handletuar frå Noreg til Sverige]. Da reagerer jeg litt på at det virker som en snobbete nedlatende holdning. I forhold til noe som selvfølgelig er helt greit og meget smart. Grensehandel er jo egentlig veldig bra og det burde være mer av den slags.<sup>12</sup>

Uansett kva norske politikarar legg i grensehandelen, så er den ein handel som no utgjer eit stort volum og ein høg verdi, og må reknast som ein betydeleg handelslekkasje. Vidare er den regulert på ein-sidig basis og inngår dermed ikkje i forhandlingane om marknadstilgang og handelskvantum mellom Noreg og EU. Det er difor interessant at Noreg praktiserar eit svært liberalt regelverk for reisegods, der verdigrense på innførsel som er toll- og avgiftsfri er høg samanlikna med det som er tilfellet for tilsvarande innførsel til EU frå Noreg.

Det er i dag lov å innføre varer toll- og avgiftsfritt for maksimum 6000 kroner inn til Noreg dersom reiseopphaldet overstig 24 timar. Verdigrensa er redusert til 3000 kroner for reiser av kortare varigheit enn 24 timar. Det er i tillegg lagt inn kvantumsrestriksjonar på alkohol, tobakk og matvarer som kjøt og kjøtvarer og meieriprodukt<sup>13</sup>. Kvantumsrestriksjonane for alkohol er 5 liter øl eller 3 liter vin eller 1 liter brennevin og 1,5 liter øl eller vin. For tobakksvarer er kvota 250 gram tobakksvare eller 200 sigarettar. For matvarer gjeld det eit kvantum på 10 kg for kjøt og kjøtvarer, ost og meierivarer, samt fôrvarer, med unntak av katt- og hundefôr (Tollvesenet i Noreg).

Regelverket for reisande frå Noreg til EU er langt meir restriktivt. Ved grensehandel denne vegen, som er regulert av svenske myndigheiter så handhevar svenske styresmakter ei verdigrense for innførsel på maksimum 1700 svenske kroner. Tobakskvota er lik den norske, medan det er alkoholkvoter på 1 liter brennevin eller 2 liter vin. Øl reknast inn som ein del av verdigrensa på 1700 svenske kroner. Matvarer og alle andre varer er rekna opp mot maksimumsgrensa på 1700 (Tullverket i Sverige). Dette viser at det i dag er langt høgare tak og langt færre restriksjonar på personleg vareinnførsel ved reise til Noreg, enn det EU praktiserar overfor reisande frå Noreg til EU, her eksemplifisert med Sverige.

---

<sup>12</sup> NRK, 22.08-2007. Internettadresse; <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostfold/1.3267267>

## 7.1 Omfang av grensehandelen

Grensehandelen er berekna til å ligge årleg på rundt 8,8 milliardar for 2004, 2005 og 2006 (SSB)<sup>14</sup>. Om lag halvparten av handelen skjer i Strømstad kommune i følgje SSB. Det er få sikre berekningar av omfanget for grensehandelen, og i hovudsak er estimatet som vert brukt i det følgjande vurdert som eit svært lågt overslag. Ein stor del av grensehandelen gjeld matvarer. SLF viser til at det i all hovudsak vert handla tobakk, kjøt og alkohol. Dei viktigaste handelsvarene i grensehandelen utanom alkohol og tobakk er som nemnt kjøtvarer i tillegg kjem meierivarer, frukt og grønt, brus og leskedrikkar, samt godteri (SLF, 2007).

Det er manglande data for å gi eit eksakt oversyn over grensehandelen, både på vareslag og volum. Likevel har svenske myndigheiter utført ein studie som SLF viser til, der det er gjort overslag på ulike vareslag<sup>15</sup>. Denne undersøkinga bereknar at nordmenn kjøpte jordbruksvarer og næringsmiddel for rundt 2,9 milliardar kroner frå juli 2005 til juni 2006. Dette er varer som ost, kjøtvarer, leskedrikk med meir, medan alkohol og tobakk er haldt utanfor. SLF meiner dette er eit overslag som truleg er alt for lågt. Likevel viser det eit betydeleg omfang, når ein legg til grunn at den offisielle landbruksimporten til Noreg frå Sverige har ein verdi på knapt 2,4 milliardar kroner i 2006. Dersom ein inkluderar grensehandelen i den norske importen av landbruksvarer, er Sverige den klart største handelspartnaren til Noreg blant EU-landa.

Grensehandelen har etterkvart fått eit betydeleg volum. Svenske myndigheiter bereknar volumet for hard ost til 3060 tonn, og andre ostar til 1570 tonn (SLF, 2007, Jordbruksverket, 2006). Samla volum av meieriprodukt er oppgitt til 6000 tonn. Dette er eit svært stort volum om ein ser denne uregistrerte handelen i forhold til den regulerte handelen innanfor handelsregimet Noreg har med omverda. Ut frå desse berekningane frå det svenske jordbruksverket, vert det dermed innført over 4500 tonn ost ved grensehandelen. Dette er eit svært stort kvantum, når ein legg til grunn at osteavtala mellom EU og Noreg også er på 4500 tonn og at den samla importen av ost til Noreg er på knapt 8000 tonn.

Situasjonen på kjøt er mykje den same som for ost. SLF og det svenske jordbruksverket bereknar at det vart innført knappe 25 000 tonn ferskt eller fryst kjøt, samt knappe 8000 tonn tilverka kjøtprodukt til Noreg gjennom grensehandelen årleg. Dette tilsvarar 15-20 prosent av den norske kjøtproduksjonen. Samstundes er det truleg slik at ein del av grensehandelen handlar om innlandsk tilverking, der norsk næringsmiddelindustri har importert råvarer tollfritt for å industrielt tilverke ferdigvarer for å reeksportere vara til Sverige. Deretter vert vara innført som personleg import som ein del av grensehandelen.

---

<sup>13</sup> Det er berre frå EØS-land ein fritt kan ta med matvarer, for land utanfor er EØS vert det stilt krav til helsesertifisering.

<sup>14</sup> SSB, på Internett, <http://www.ssb.no/emner/10/10/10/grensehandel/tab-2007-07-12-02.html>

<sup>15</sup> Den svenske studien SLF nyttar er: Gränshandel med Norge. Enkät- och intervjuundersökning hösten 2006, Rapport 2006:30, Jordbruksverket. Rapporten er tilgjengeleg på Internettadresse: [http://www.sjv.se/webdav/files/SJV/trycksaker/Pdf\\_rapporter/ra06\\_30.pdf](http://www.sjv.se/webdav/files/SJV/trycksaker/Pdf_rapporter/ra06_30.pdf)

Andre overslag frå den svenske studien er 10 000 tonn frukt og grønt, åtte butikkar opplyser eit sal på 10 millionar liter øl og leskedrikk, og den svenske studien konkluderar med at totalvolumet er:

Totalsiffran är sannolikt mycket större eftersom en stor del av gränshandeln med drycker sker i butiker som inte ingick i undersökningen (Jordbruksverket, 2006, s. 22).

Dette er dømer på at grensehandelen utgjør eit volum og ein verdi i slik storleik at den i realiteten ville utgjort ein klart synleg del av den regulerte importen til Noreg. Det er difor grunnlag å spørje kva interesse ein så stor uregistrert handel har for Noreg. Ettersom Noreg og EU stadig forhandlar om marknadstilgang til kvarandre, er det spesielt at Noreg på ein-sidig basis handhevar reguleringar som tilett ein svært stor uregistrert handel, framfor å også søkje å få grensehandelen formalisert inn i den regulerte handelen mellom Noreg og EU. På sett å vis er det eit fenomen som bør få større merksemd når den uregistrerte innførselen av landbruksvarer som reisegods har ein høgare verdi, sjølv ved minimums overlag, enn den registrerte importen i samhandelen mellom Noreg og Sverige. Når grensehandelen utgjør store verdiar berre den eine vegen mellom Noreg og Sverige utan at Noreg krev motytingar er dette ei spesiell politisk linje i internasjonal samhandling.

## 7.2 Formalisere grensehandelen i samhandelen?

Dersom ein ser på omfanget av grensehandelen i verdi, men særskilt også ut frå det volumet som vert innført til Noreg på meierivarer og kjøtvarer, er det grunn til å spørje om dette er noko som bør få større politisk merksemd i den vidare utforminga av det ”gjensidig fordelaktig varebytte” som er intensjonen i samhandelen med landbruksvarer mellom EU og Noreg.

Slik situasjonen er i dag er grensehandelen ein uregistrert handel utan regulær tollhandsaming tillate på ein-sidig basis frå norske styresmakter. Grensehandelen er difor ikkje noko formelt forhandlingskort i tingingar om marknadstilgang og utvida handel mellom partane. Ut frå omfanget grensehandelen har fått, er det grunnlag for å hevde at denne handelen utgjør meir enn praktiske reglar for reisegods som skal lette transferen for personar som flyttar seg over landegrensar. Det er mogleg grensehandelen burde knytast til forhandlingane innanfor Artikkel 19 og slik verte formalisert og ein del av varehandelen mellom Noreg og EU. Dette vil vere ei synleggjering av at den reelle innførselen av landbruksvarer til Noreg frå EU, og særskilt då frå Sverige, er langt høgare enn det som kjem fram i handelsstatistikken mellom Noreg og EU, utan at tilsvarande forhold oppstår på utførsel av varer frå Noreg til EU innanfor reisegodsregulativet. Det er dermed ein asymmetrisk handelsstraum mellom partane, som ikkje vert lagt inn som faktor i landbruksforhandlingar mellom Noreg og EU.

Eit alternativ kan vere at Noreg legg dei norske reguleringane på reisande på tilsvarande restriktive linje som EU nyttar på dette området. For med det omfanget grensehandelen har, er

det grunnlag for å hevde at handelen i realiteten har utvikla seg til ein omfattande personleg import av varer frå Sverige til Noreg, som er i konkurranse med den offisielle varehandelen. Slik sett taper varehandelen store summer, i tillegg til at avgiftene til den norske stat, som meirverdiavgift vert redusert. Slik regime kring grensehandelen no står fram, har det lite å gjere med dei opphavlege intensjonane for reisegods og tilgangen for enkeltpersonar å ta med varer toll- og avgiftsfritt over landegrensar.

## 8 Oppsummerande vurderingar

Landbruket er formelt ikkje definert som ein eksplisitt del av EØS-avtala. Likevel er handel med eit stort spekter landbruksvarer, både råvarer og industrielt tilverka landbruksprodukt implisitt ein del av EØS-avtala gjennom Artikkel 19 og Protokoll 3.

Dersom Noreg legg til grunn at landbruk faktisk ikkje er ein del av EØS-avtala anna enn gjennom desse reguleringane er det all grunn til å setje utviklinga i handelen med landbruksvarer høgt på dagsorden i framtidige tingingar med EU. Som vist er det ein aukande ubalanse i handelen i den perioden EØS-avtala har vore i kraft. Forholdstalet på norsk import av landbruksvarer frå EU har gått frå 1 til 4 i 1995 til 1 til 6 i 2006. For RÅK-varer er denne skeive utviklinga enno tydelegare enn for alle landbruksvarer, då importen frå EU var tre gonger større enn eksporten i 1995, medan den i 2006 er seks gonger større.

